



## Referat

<b>Utval:</b>	Fitjar sokneråd
<b>Møtestad:</b>	Fitjar rådhus, kyrkjekontoret
<b>Dato:</b>	Torsdag 22. mars 2018
<b>Tid:</b>	Kl. 18.30
<b>Møtenr.:</b>	2/18

Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Andre varamedlemer møter kun etter særskild innkalling.

### Faste medlemmer som har møtt:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>
Sigrid Marie Fangel	Leiar
Gunnvald Aarbø	Nestleiar <b>N.B. Ord for dagen</b>
Helga Olsen Aadland	Medlem
Mette E. Lambach	Medlem
Bodil Nesse	Medlem
Sindre Aarbø	Medlem
Olav Oma	Sokneprest
Fridleif Lydersen	Vara for soknepresten
Harald Rydland	Kyrkjeverje

### Forfall:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>
Terje Havro	Medlem
Rasmus Fitjar	Medlem
Sigurd André Maraas	Kommunal representant

### Varamedlemmer som møtte:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>
Peder Rygg Drønen	1. varamedlem
Arne Prestbø	2. varamedlem
Agnar Aarskog	Vara for kommunal representant, gjekk under sak 14/18

### Varamedlemmer som ikke møtte:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>
Solbjørg Larsen Tverderøy	3. varamedlem
Tove Helen Løland Aarskog	4. varamedlem
Åse Rygg H. Nøttveit	5. varamedlem

**Sakliste:**

Saksnr.	Tittel	Sak for kommunal representant
S-10/18	Årsmelding for 2017	X
S-11/18	Rekneskap for 2017	X
S-12/18	Vedlikehald av kyrkjestova	X
S-13/18	Referat frå sist møte	X
S-14/18	Meldingssaker	X
S-15/18	Open post	X
S-16/18	Kyrkjelydsplan, årshjul m.m.	
S-17/18	Arrangement i kyrkja sin regi	
S-18/18	Arbeidgruppe for historiske fotografi	

**Sak 10/18: Årsmelding for 2017****Framlegg til vedtak:**

Soknerådet sluttar seg til årsmeldinga slik den ligg føre.

( Evt. kan soknerådet gjera slikt vedak)

Soknerådet sluttar seg i hovudsak til årsmelding slik den ligg føre, men ber at det vert lagt inn meir informasjon om:

- 1.
- 2.
- 3.

**Behandling i Fitjar sokneråd 22. mars 2018:**

Kyrkjeverje Harald Rydland orienterte om årsmeldinga og fekk innspel frå soknerådet.

**Vedtak (samrøystes):**

Soknerådet sluttar seg til årsmeldinga slik den ligg føre. Gode tilbakemeldingar til årsmeldinga slik den vert presentert og mykje godt arbeid er utført.

**Sak 11/18: Rekneskap for 2017****Framlegg til vedtak:**

Soknerådet tek Fitjar sokn sitt rekneskap for 2017 til vitande, men tek etterhald om endringar som evt. måtte komma som følge av revisor sin gjennomgang. Disponering av årsresultatet vert å komma tilbake til etter at revisjonen er fullstendig gjennomført.

**Behandling i Fitjar sokneråd 22. mars 2018:**

Kyrkjeverje Harald Rydland orienterte om rekneskapet for 2017.

Rekneskapet er ikkje ferdig revidert. Revisor har gått gjennom den delen som gjeld meirvedriavgift, men skal rett etter påske sjå gjennom resten av rekneskapet.

**Vedtak (samrøystes):**

Som framlegg.

**Sak 12/18: Vedlikehald av kyrkjestova****Framlegg til vedtak:**

Soknerådet takkar kyrkjeringen for at dei vil ta på seg å oppgradera kyrkjestova, og sluttar opp om dei planane som ligg føre.



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

#### **Behandling i Fitjar sokneråd 22. mars 2018:**

Soknerådsleiaren Sigrid Marie Fangel presenterte planane fra kyrkjeringen.

#### **Vedtak (samrøystes):**

Soknerådet takkar kyrkjeringen for at dei vil ta på seg å oppgradera kyrkjestova og sluttar opp om dei planane som ligg føre. Soknerådet løyver inntil kr. 30 000 og vil evt. finna andre som kan vera med å løyya pengar til prosjektet. Arbeidsutvalet arbeidar vidare med saka saman med kyrkjeringen.

#### **Sak 13/18: Referat frå sist møte**

#### **Framlegg til vedtak:**

Soknerådet stadfester referatet frå møte den 7. januar 2018.

#### **Behandling i Fitjar sokneråd 22. mars 2018:**

Referatet frå møte den 7. februar 2018 har medlemene fått tilsendt og godkjent tidlegare. Det endelige referatet er å finna på heimesida til Fitjar kyrkje. Denne lenka fører fram til referatet: <https://kyrkja.no/globalassets/fellesrad/fitjar/diverse/motereferat-s1--07022018.pdf>

#### **Vedtak (samrøystes):**

Som framlegg.

#### **Sak 14/18: Meldingssaker**

#### **Framlegg til vedtak:**

Soknerådet tek meldingane til orientering

#### **Behandling i Fitjar sokneråd 22. mars 2018:**

I møtet blei det orientert om desse sakene:

1. Framdriftsplan for tilsetjing i ledige stillingar  
Fridleif Lydersen fungerer som sokneprest frå 1. april og inntil vikar for sokneprest Olav Oma er tilsett. Utlysning vert 11. april, intervju 13. mai, innstilling frå sokneråd 30. mai og tilsetting 15. juni. Kombistillinga born/ungdomdsprest og kytkjelydsprest vil bli utlyst for 2. gong.  
Kyrkjekontoret skal senda brev til alle gjeverane som har støttå kyrkjelydsprest om bemanningssituasjonen no og framover.
2. Informasjon om trusopplæring  
Sidan ein manglar trusopplæringspedagog vert ikkje alt etter planen gjennomført, men mykje bra er gjennomført og skal gjennomførast av trusopplæringsplanen med innleigd hjelp, foreldrekomité og kontorassistenten.
3. Møteplan for soknerådet 1. halvår 2018  
Det vert møter for soknerådet 19. april, 24. mai (Saker:utlysning m/intervju og kyrkjelydsplan for hausten) og 7. juni. Alle møtene startar kl. 18.30.  
AU har eit møte 16. mai for planleggjng av intervju ved tilsetting.
4. Orientering om drifta av kyrkjebygget og gravplassen  
God kvalitet på orgelet sjølv om luftfuktigheten har vore låg. Ny høgtalar har auka lyden på klokken. Kyrkjegarden skal drenerast i vår når tela er borte. Rododendronene som vert teken opp skal setjast ned igjen.
5. Vårdugnad på kyrkjegarden  
Det vert dugnad to laurdagar i slutten av april på kyrkjegarden. Informasjon i Kyrkjebladet og heimesida for kyrkja.
6. Referat frå innsamlingsgruppa til kyrkjelydsprest.  
Soknerådsleiari Sigrid M. Fangel las referatet og oppsummeringa av saka etter at innsamlingsgruppa sjølv har lagt ned arbeidet.

#### **Sak 15/18: Open post**



Ingen melde saker.

**Sak 16/18: Kyrkjelydsplan, årshjul, m.m.**

**Framlegg til vedtak:**

Det vert ikkje lagt fram tilråding til vedtak i saka.

**Behandling i Fitjar sokneråd 22. mars 2018:**

Soknerådsleiar Sigrid M. Fangel gjekk gjennom årshjulet og planen. Det vert eit ynskje at fleire av soknerådsmedlemmene vert meir aktiv i forhold til aktivitetar som er knytt til kyrkja.

**Vedtak (samrøystes):**

Ein vil koma tilbake til saka på neste møte. Alle medlemmene i soknerådet ble bedt om å tenkja gjennom kva dei kan tenkja seg å vera med på og kan ta ansvar for.

**Sak 17/18: Arrangement i kyrkja sin regi**

**Framlegg til vedtak:**

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

**Behandling i Fitjar sokneråd 22. mars 2018:**

Kyrkjelydsturen til Helgatun 16. – 18. februar var flott. Helgatun er bestilt til neste år ca. 1. april 2019. Det var ein gøy tur med konfirmantane til klatrepark.

Konfirmasjonsfest vert 6. mai kl. 13 etter gudstenesta. Foreldre til fjarårskonfirmantane hjelper til. Konfirmasjon er 12. og 13. mai. Tårnagentane vert 8. april og årsmøte vert 15. april. Diakonitur vert 30. mai. Ein ynskjer ei friluftsgudsteneste 15. juli. Det vert gudsteneste saman med korpsset første helg i september.

**Vedtak (samrøystes):**

Soknerådet tek meldingane om arrangement i kyrkja sin regi til orientering.

**Sak 18/18: Arbeidsgruppe for innsamling av historiske fotografier**

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet oppnemner desse til å vera med i ei arbeidsgruppe som skal samla inn historiske fotografier frå det som har skjedd i Fitjar kyrkjelyd gjennom tidene:

- Per Drønen (kontaktperson)
- Harald Westerheim
- Per Johan Vestbøstad

Soknerådet vil ynskja lukke til med arbeidet.

**Behandling i Fitjar sokneråd 22. mars 2018:**

**Vedtak (samrøystes):**

Som framlegg.



DEN NORSKE KYRKJA  
Fitjar sokn

**Signering:**

**Sekretær** .....

**Leiar** .....